



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

## DELÅRSRAPPORT

&

## REKNESKAP

3. kvartal 2011



## Styret si melding

### Kvartalsrapport pr. 30.09.2011

Rekneskapen for 3. kvartal 2011 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane (IFRS) vedteke av EU. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 32 "delårsrapportering". Indre Sogn Sparebank er godt førebudd på å avlegge rekneskapen etter IFRS. Ny rekneskapsstandard fører ikkje til realitetsendringar i underliggjande verdier i rekneskapen, men vil føra til større svingingar i resultat og eigenkapital. Det som følgje av auka bruk av verkeleg verdi. Implementeringseffekten av pensjonar er vesentleg ved at ikkje resultatførde estimatavvik er ført mot eigenkapitalen pr. 01.01.2010. I tillegg er garantiar for valutalån som tidlegare ikkje var rekneskapsført i balansen, teken inn og presentert som ein del av utlåna. Banken har vurdert bygningar, tomtar og finansielle instrument til verkeleg verdi. Det er utarbeida eit notat. "Overgang til IFRS prinsipp" som syner resultat og balanseeffektar ved overgangen til IFRS som ligg som vedlegg til delårsrapporteringa 1. kvartal 2011.

### Driftsresultatet før skatt

Indre Sogn Sparebank fekk eit driftsresultat før skatt på NOK 5,09 mill. pr. 30.09.2011, mot NOK 12,85 mill. pr. 30.09.2010. I 2010 inntektsførde banken NOK 2,90 mill. i 1. kvartal 2010 under posten pensjonar som ei følgje av ny pensjonsordning (AFP). I tillegg hadde banken ekstraordinære inntekter på NOK 3,10 mill. i samband med fusjonen mellom Nordito og BBS i 3. kvartal 2010. Resultat av ordinær bankdrift (driftsresultat før skatt – kursvinst/tap på verdipapir og valuta) pr. 30.09.2011 var NOK 2,21 mill. svakare enn pr. 30.09.2010. Tek banken omsyn til inntektsføring av AFP-kostnaden i 2010, har drifta betra seg med NOK 0,69 mill. Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalrentabilitet pr. 30.09.2011 på 3,95 %.

### Rentenetto

Netto renteinntekter er utrekna til 1,36 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Dette er ein reduksjon på 0,02 % sidan same tid i fjor. Grunna volumauka har rentenettoen auka med NOK 3,16 mill. samanlikna med 30.09.2010. Svak rentenetto skuldast auka konkurranse og pressa marginar.

### Driftsinntekter

Pr. 30.09.2011 var andre ordinære driftsinntekter (andre driftsinntekter + netto provisjonsinntekter/gebyr banktenester) NOK 9,22 mill. mot NOK 8,33 mill. pr. 30.09.2010.



### Driftskostnader

Pr. 30.09.2011 var driftskostnadene NOK 34,55 mill. mot NOK 29,25 mill. til same tid i fjor. Auken i driftskostnader kan hovudsakleg relaterast til personalkostnader vedkomande bankdrifta. Som nemnt vart pensjonskostnadene redusert med NOK 2,90 mill. i 1. kvartal 2010. I prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital utgjer driftskostnadene 1,38 % pr. 30.09.2011 mot 1,36 % i fjor. Kostnadsprosenten pr. 30.09.2011 er 74,70 %. Styret har vedteke å gjennomføre eit inntekts- og kostnadsprogram, som skal gje resultatforbetringar på sikt.

### Tap på utlån og garantiar

Banken har pr. 30.09.2011 tapsført NOK 3,37 mill. mot NOK 2,88 mill. til same tid i fjor. I løpet av 3. kvartal 2011, har banken redusert individuelle nedskrivningar med NOK 3,51 mill. Gruppenedskrivning er uendra i 3. kvartal 2011. Sum individuelle nedskrivningar utgjer 0,49% og nedskrivning av grupper utgjer 0,16 % av brutto utlån pr. 30.09.2011.

### Kapitaldekning

Pr. 30.09.2011 var banken si kapitaldekning 16,23 % mot 16,13 % pr. 30.09.2010 og 16,56 % pr. 31.12.2010. Utrekningsgrunnlaget har auka frå NOK 1.709,59 mill. pr. 30.09.2010 til NOK 1.859,69 mill. pr. 30.09.2011. Banken har i 2. kvartal 2011 utsteda ein konvertibel fondsobligasjon på NOK 60,00 mill. den nye fondsobligasjonen er godkjend som kjernekapital og er tilpassa Basel III. All ansvarleg kapital i banken er kjernekapital pr. 30.09.2011. Banken sin eigenkapital er NOK 213,91 mill. og netto ansvarleg kapital er NOK 301,80 mill.

### Avkastning på eigenkapitalbevisa

Driftsresultat pr. 30.09.2011 etter berekna skatt, vart NOK 3,71 mill. mot NOK 10,17 mill. pr. 30.09.2010. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. Difor er det heller ingen utvatningseffekt på resultatet pr. eigenkapitalbevis. Pr. 30.09.2011 utgjer avkastninga NOK 2,07 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

### Utlån

Sidan årsskiftet har utlåna auka med NOK 64,26 mill. til NOK 2.821,17 mill. eller 2,33 %. Utlån til personkundar har auka med NOK 98,57 mill. medan utlån til næringslivet har minka med NOK 34,31 mill. I tillegg yter banken NOK 344,58 mill. i lån til banken sine personkundar via Terra Boligkreditt AS. I 2011 er det ein auke i porteføljen på NOK 34,38 mill. Sett i samanheng med Terra Boligkreditt AS, hadde banken totalt ein auke i utlåna på NOK 98,64 mill, eller 3,22 %.

### Innskot

Sidan årsskiftet har innskota i banken auka med NOK 136,41 mill. til NOK 1.982,79 mill. Innskot frå personkundar har auka med NOK 78,78 mill. medan innskot frå næringslivskundar har auka med NOK 57,63 mill. Innskotsdekninga pr. 30.09.2011 er 70,28 %.



### Forvaltningskapital

Banken sin forvaltningskapital har sidan årsskiftet auka med NOK 136,41 mill. til NOK 3.360,30 mill. pr. 30.09.2011, ein auke på 7,39 %.

### Utsiktene framover

Resultatet i tredje kvartal 2011 er prega av den internasjonale finansuroa med urealiserte tap på verdipapir. Ordinær drift viser positiv utvikling, men banken har likevel utfordringar på kostnadssida. Styret har sett i gang tiltak for å betra lønsemda. Styret har god kontroll på banken sin kreditt- og likviditetsrisiko. Uro i finansmarknaden skaper større usikkerheit om framtidig utvikling enn normalt. Med god soliditet og likviditet er banken godt budd på effektane av ein uroleg marknad. Banken har sikra seg med NOK 60 mill. i ny kjernekapital gjennom konvertible fondsobligasjonar som er tilpassa Basel III. Kapitaldekninga er god og syner tilfredsstillande nivå sett i lys av banken sitt mål for framtidig vekst. Det vert arbeidd kontinuerleg med kvalitet og kompetanseheving blant dei tilsette.

Styret har tru på at resten av året vil utvikle seg tilfredsstillande.

Årdalstangen den 27. oktober 2011.

*Siri Laumannsås*  
Styreleiar

*Leif Åberge*

*Sonja-Mari H. Atterås*

*Janne Dokken*

*Harald Blaaflåt Mundal*

*Egon M. Moen*  
Adm.banksjef

## Delårsrekneskap 3. kvartal 2011

	3. kv. 11	3. kv. 10	30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010	30.09.2011 i % av gj.sn. forv.kap.
<b>RESULTAT (i 1.000 kr)</b>						
Renteinntekter	35.348	30.162	96.881	84.464	115.258	3,86 %
Rentekostnader	22.786	19.547	62.661	53.406	73.680	2,50 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>12.562</b>	<b>10.615</b>	<b>34.220</b>	<b>31.058</b>	<b>41.578</b>	<b>1,36 %</b>
Utbyte	109	565	2.810	3.288	2.759	0,11 %
Provisjonsinntekter m.v.	3.831	3.456	11.261	10.410	14.359	0,45 %
Provisjonskostnader m.v.	838	822	2.294	2.317	3.115	0,09 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	-3.624	3.334	-3.236	2.311	3.409	-0,13 %
Andre driftsinntekter	100	53	249	235	275	0,01 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>-422</b>	<b>6.586</b>	<b>8.790</b>	<b>13.927</b>	<b>17.687</b>	<b>0,35 %</b>
Løn og generelle adm.kostnader	6.506	7.423	23.751	19.907	27.842	0,95 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.020	961	2.965	2.882	3.850	0,12 %
Andre driftskostnader	2.809	1.767	7.832	6.462	8.468	0,31 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>10.335</b>	<b>10.151</b>	<b>34.548</b>	<b>29.251</b>	<b>40.160</b>	<b>1,38 %</b>
Tap på utlån	2.292	-197	3.372	2.884	4.394	0,13 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>-487</b>	<b>7.247</b>	<b>5.090</b>	<b>12.850</b>	<b>14.711</b>	<b>0,20 %</b>
Skattekostnad	469	1.981	1.380	2.677	3.302	0,05 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>-956</b>	<b>5.266</b>	<b>3.710</b>	<b>10.173</b>	<b>11.409</b>	<b>0,15 %</b>
<b>Utvida resultat</b>						
Finansielle eigendeler tilgjengeleg for sal	269	-1.853	2.561	-2.942	-1.081	0,10 %
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>269</b>	<b>-1.853</b>	<b>2.561</b>	<b>-2.942</b>	<b>-1.081</b>	<b>0,10 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>-687</b>	<b>3.413</b>	<b>6.271</b>	<b>7.231</b>	<b>10.328</b>	<b>0,25 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per egenkapitalbevis</b>	<b>-0,53</b>	<b>2,93</b>	<b>2,07</b>	<b>5,66</b>	<b>6,35</b>	
<b>BALANSE (i 1.000 kr)</b>						
<b>Eigendelar</b>			<b>30.09.2011</b>	<b>30.09.2010</b>	<b>31.12.2010</b>	<b>% av forv.kap.</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar			70.356	212.432	188.467	2,09 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar			172.143	46.681	32.730	5,12 %
Utlån til kundar			2.802.690	2.633.887	2.735.093	83,41 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet			201.596	210.794	199.024	6,00 %
Verdipapir tilgjengeleg for sal			69.591	65.070	66.931	2,07 %
Utsett skattefordel			3.268	1.782	3.268	0,10 %
Varige driftsmidler			39.928	36.805	42.370	1,19 %
Overtekne og andre eigendelar			728	14.882	9.700	0,02 %
<b>Sum eigendelar</b>			<b>3.360.300</b>	<b>3.222.333</b>	<b>3.277.583</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Gjeld og egenkapital</b>						
Gjeld til kredittinstitusjonar			223.396	327.123	223.440	6,65 %
Innskot frå kundar			1.982.785	1.750.027	1.846.376	59,01 %
Gjeld ved utsteda verdipapir			740.944	712.596	769.465	22,05 %
Anna gjeld			59.312	97.037	94.658	1,77 %
Pensjonsforpliktingar			7.547	3.929	8.466	0,22 %
Ansvarleg lånekapital			132.406	124.922	125.383	3,94 %
<b>Sum gjeld</b>			<b>3.146.390</b>	<b>3.015.634</b>	<b>3.067.788</b>	<b>93,63 %</b>
Opptent egenkapital			143.202	135.031	145.358	4,26 %
Innskoten egenkapital			64.437	64.437	64.437	1,92 %
Udisponert overskot etter skatt			6.271	7.231	0	0,19 %
<b>Sum egenkapital</b>			<b>213.910</b>	<b>206.699</b>	<b>209.795</b>	<b>6,37 %</b>
<b>Sum gjeld og egenkapital</b>			<b>3.360.300</b>	<b>3.222.333</b>	<b>3.277.583</b>	<b>100,00 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>						
Garantiar			125.242	148.964	131.873	
Garanti Terra Boligkreditt AS			44.306	37.692	45.513	
Portefølje Terra Boligkreditt AS			344.582	302.194	310.204	



## Eigenkapitaloppstilling pr. 30.09.2011

i 1.000 kr

	Innskoten eigenkapital		Opptent eigenkapital			Fond for urealiserte gevinster	Annan opptent eigen- kapital	Sum eigen- kapital
	Eigen- kapital- bevis	Overkurs- fond	Spare- banken sitt fond	Utjåmnings- fond	Gåvefond			
<b>Eigenkapital 31.12.2009 NGAAP</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>116.791</b>	<b>608</b>	<b>3.361</b>			<b>185.197</b>
Reklassifisert utbyte frå gjeld til eigenkapital				537				537
Endring i rekneskapsprinsipp ved første gongs implementering av IFRS			-363			14.769		14.406
<b>Opningsbalanse 01.01.2010 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>116.428</b>	<b>1.145</b>	<b>3.361</b>	<b>14.769</b>	<b>0</b>	<b>200.140</b>
Årets resultat			3.701	4.007	3.701			11.409
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						-1.081		-1.081
<b>Årets totalresultat 2010</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>3.701</b>	<b>4.007</b>	<b>3.701</b>	<b>-1.081</b>	<b>0</b>	<b>10.328</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2009				-537				-537
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Utbetalt frå gåvefond					-135			-135
<b>Eigenkapital 31.12.2010 IFRS</b>	<b>63.250</b>	<b>1.187</b>	<b>120.129</b>	<b>4.615</b>	<b>6.927</b>	<b>13.688</b>	<b>0</b>	<b>209.795</b>
Resultat etter skatt							3.710	3.710
<i>Utvida resultat</i>								
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje						2.561		2.561
<b>Totalresultat 30.09.2011</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>2.561</b>	<b>3.710</b>	<b>6.271</b>
<i>Transaksjonar med eigarane</i>								
Utbetalt utbyte for 2010				-1.771				-1.771
<i>Andre eigenkapitaltransaksjonar</i>								
Endring i innskoten eigenkapital	-31.625	31.625						0
Utbetalt frå gåvefond					-385			-385
<b>Eigenkapital 30.09.2011 IFRS</b>	<b>31.625</b>	<b>32.812</b>	<b>120.129</b>	<b>2.844</b>	<b>6.542</b>	<b>16.249</b>	<b>3.710</b>	<b>213.910</b>



## Kontantstraumanalyse

i 1.000 kr

	3. kvartal 2011	3. kvartal 2010	2010
<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>			
Resultat før skattekostnad	7.651	9.908	13.630
Betalt skatt i perioden	-989	-175	-347
Ordinære avskrivningar	2.965	2.882	3.850
Nedskrivning/reversering langsiktige verdipapir (utvida resultat)	-2.561	1.089	1.081
Endring pensjonar	-919	-4.597	-60
Endring utlån kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	2.250	-1.860	-1.860
Endring utlån	-67.597	-123.097	-224.303
Endring gjeld til kredittinstitusjonar	-44	-9.843	-113.526
Endring innskot frå kundar	136.409	63.288	159.637
Endringer kortsiktige verdipapir	-2.572	-13.373	-1.603
Endring i andre tidsavgrensingspostar	-27.741	11.445	15.076
<b>Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>46.852</b>	<b>-64.333</b>	<b>-148.425</b>
<b>Kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>			
Utbetalningar ved kjøp av varige driftsmidlar	-523	-1.125	-7.612
Innbetalningar ved sal av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	0	1.661	0
Utbetalningar ved kjøp av langsiktige verdipapir (investeringsportefølje)	-100	-6.301	-6.301
<b>Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-623</b>	<b>-5.765</b>	<b>-13.913</b>
<b>Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>			
Innbetalningar ved opptak av obligasjonsinnlån	307.479	231.222	323.651
Utbetalningar ved nedbetaling av obligasjonsinnlån	-328.000	-302.000	-340.000
Tilbakebetalingar av eigenkapital	-1.771	-537	-537
Utbetalningar til gáver	-385	-30	-135
<b>Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-22.677</b>	<b>-71.345</b>	<b>-17.021</b>
<b>Netto kontantstraum for perioden</b>	<b>23.552</b>	<b>-141.443</b>	<b>-179.359</b>
Kontantar og kontantekvivalentar ved byrjinga av perioden	217.087	396.446	396.446
<b>Kontantar og kontantekvivalentar ved slutten av perioden</b>	<b>240.639</b>	<b>255.003</b>	<b>217.087</b>
Denne er sett saman av:			
<b>Bankinnskot m.v. utan avtalt løpetid</b>	<b>240.639</b>	<b>255.003</b>	<b>217.087</b>



## Notar

### 1 Generell informasjon

Indre Sogn Sparebank er ein ekte lokalbank med kunden i sentrum. Banken er sjølvstendig og tilbyr banktenester, forsikring og verdipapirhandel. Banken tilbyr primært banktenestene sine til person- og næringslivskundar i Indre Sogn men har òg avdeling i Bergen og har elles kundar ut over kommunegrensene. Indre Sogn Sparebank er notert på Oslo Børs med eigenkapitalbevis.

Rekneskapet gjeld for perioden 01.01.2011 til 30.09.2011. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane.

Rekneskapet 3. kvartal 2011 vart vedteke av styret 27. oktober 2011.

### 2 Vilkår for utarbeiding av rekneskap for 3. kvartal 2011

Rekneskapet til Indre Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Delårsrapporten er ikkje revidert.

For ytterlegare informasjon, sjå prinsippendringsnotat og prinsipp vist i delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011 jf. note 3 og 4.

### 3 Rekneskapsprinsipp

Dei same rekneskapsprinsippa og berekningane som vart nytta i delårsrekneskapen for 1. kvartal 2011, er nytta i delårsrekneskapen for 3. kvartal 2011 med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

### 4 Informasjon om prinsippending

For informasjon om prinsippending, sjå delårsrapporteringa for 1. kvartal 2011.





## 5 Transaksjonar med nærstående

i 1.000 kr

<b>Tillitsvalde/leing</b>	<b>Utlån pr. 30.09.11</b>	<b>Innskot pr. 30.09.11</b>
<b>Styret</b>		
* Siri Lagmannsås, leiar	0	2.294
Leif Åberge, nestleiar	1.612	43
Sonja-Mari H. Atterås, medlem	0	25
**Harald Blaafat Mundal, medlem	446	477
Janne Dokken, medlem	1.400	5
<b>Sum styret</b>	<b>3.458</b>	<b>2.845</b>
<b>Leiande tilsette/leiargruppa i banken</b>		
Egon Moen, adm. banksjef	2.098	0
Karin Vikane, ass. banksjef	600	835
Anita Læg Reid, sjef næringsliv	2.470	6
Lars Grenager, sjef personmarknad	3.283	171
<b>Sum leing</b>	<b>8.451</b>	<b>1.013</b>
<b>Totalsum utlån/innskot</b>	<b>11.910</b>	<b>3.858</b>

\*Styreleiar i 2011, Siri H. Lagmannsås er dagleg leiar for Økonomiservice AS, som pr. 30.09.2011 hadde samla innskot på NOK 2,182 mill. som står oppført på ho.

\*\*Styremedlem i 2011, Harald Blaafat Mundal er dagleg leiar for Lite Nytt AS, som pr. 30.09.2011 hadde samla utlån på NOK 0,041 mill. og samla innskot NOK 0,184 mill. som står oppført på han.

## 6 Hending etter balansedag

Det har ikkje forekomme hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i, rekneskapet eller i notar til rekneskapet.



## 7 Segmentinformasjon

### Utlånsfordeling

i 1.000 kr

	30.09.2011	30.09.2010	2010 +/-
Lønstakarar	2.236.343	2.119.564	98.569
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	43.146	45.234	-2.383
Industri	19.301	22.871	-17.486
Bygg og anlegg	64.603	68.390	-7.147
Handel, hotell, transport, tenester	168.140	152.290	18.371
Finansiering, eigeomsdrift	263.071	233.336	-14.369
Offentleg forvaltning og andre	26.512	15.990	-11.298
<b>Sum utlån før nedskrivningar</b>	<b>2.821.117</b>	<b>2.657.676</b>	<b>64.258</b>
Individuelle nedskrivningar	-13.827	-18.789	2.639
Gruppevise nedskrivningar	-4.600	-5.000	700
<b>Sum utlån til kundar</b>	<b>2.802.690</b>	<b>2.633.887</b>	<b>67.597</b>

### Innskotsfordeling

	30.09.2011	30.09.2010	2010 +/-
Lønstakarar	1.242.465	1.163.354	78.782
Jordbruk, skogbruk fiske, fiske	44.195	40.312	4.653
Industri	34.834	24.953	14.720
Bygg og anlegg	43.476	35.170	-17.095
Handel, hotell, transport, tenester	47.249	75.404	2.933
Finansiering, eigeomsdrift	354.160	193.162	124.436
Offentleg forvaltning og andre	216.406	217.672	-72.020
<b>Sum innskot</b>	<b>1.982.785</b>	<b>1.750.027</b>	<b>136.409</b>



## 8 Misleghald og tap på utlån

### a) Brutto- og netto misleghaldne engasjement

i 1.000 kr

	30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010
<b>Misleghald over 90 dagar</b>			
Misleghald næringslivskundar	13.157	14.206	5.082
Misleghald personkundar	23.774	22.222	18.607
= Brutto misleghaldne engasjement	36.931	36.428	23.689
- Individuelle nedskrivningar	2.138	6.339	5.360
<b>= Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>34.793</b>	<b>30.089</b>	<b>18.329</b>
<b>Misleghald over 30 dagar</b>			
Misleghald næringslivskundar	28.933	19.845	8.462
Misleghald personkundar	31.356	36.665	37.339
= Brutto misleghaldne engasjement	60.289	56.510	45.801
- Individuelle nedskrivningar	2.559	7.989	5.560
<b>= Netto misleghaldne engasjement</b>	<b>57.730</b>	<b>48.521</b>	<b>40.241</b>
<b>Tapsutsette engasjement 30 dagar</b>			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	41.830	30.624	32.480
- Individuelle nedskrivningar	11.268	10.800	11.105
<b>= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement</b>	<b>30.562</b>	<b>19.824</b>	<b>21.375</b>
<b>Tapsutsette engasjement 90 dagar</b>			
Brutto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement	42.251	36.528	32.744
- Individuelle nedskrivningar	11.689	12.450	11.306
<b>= Netto tapsutsette ikkje misleghaldne engasjement</b>	<b>30.562</b>	<b>24.078</b>	<b>21.438</b>
<b>b) Kostnadsførte tap gjennom året</b>	<b>3. kvartal</b>	<b>3. kvartal</b>	
	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2010</b>
Endring i individuelle nedskrivningar i året	-2.738	1.742	-381
+/- Endring i gruppenedskrivning på utlån gjennom året	-700	-1.700	-1.400
+ Konstanterte tap gjennom året som tidlegare er individuelt nedskrivne	6.065	4.427	5.271
+ Konstanterte tap i perioden som tidlegare ikkje er individuelt nedskrivne	854	64	1.067
- Inngang på tidlegare års konstanterte tap	109	1.649	163
<b>= Tapskostnader i inneverande år</b>	<b>3.372</b>	<b>2.884</b>	<b>4.394</b>
<b>Individuelle nedskrivningar på utlån og garantiar gjennom året</b>			
+ Individuelle nedskrivningar på utlån per 01.01	16.566	17.047	17.047
- Konstaterte tap gjennom året som er individuelt nedskrivne tidlegare år	7.414	4.453	5.143
+ Netto auka individuelle nedskrivningar gjennom året	2.661	5.895	6.710
+ Nye individuelle nedskrivningar gjennom året	3.783	4.970	4.808
- Tilbakeførte individuelle nedskrivningar på utlån gjennom året	1.769	4.670	6.956
<b>= Individuelle nedskrivningar på utlån per 30.09</b>	<b>13.827</b>	<b>18.789</b>	<b>16.466</b>
<b>Tapsavsetninger på garantiar</b>	<b>100</b>	<b>0</b>	<b>200</b>
<b>Gruppenedskrivningar på utlån m.v. gjennom året</b>			
Gruppenedskrivningar til dekking av tap på utlån m.v. pr. 01.01	5.300	6.700	6.700
+/- Endring gruppenedskrivning gjennom året	-700	-1.700	-1.400
<b>= Gruppenedskrivning til dekking av tap på utlån per 30.09</b>	<b>4.600</b>	<b>5.000</b>	<b>5.300</b>
<b>c) Inntektsførte renter der det er føreteke nedskrivning</b>	<b>3. kvartal</b>	<b>3. kvartal</b>	
	<b>2011</b>	<b>2010</b>	<b>2010</b>
Inntektsførte renter på utlån der det er føreteke nedskrivning	660	1.981	1.822



## 9 Engasjement med risikoklassifisering

i 1.000 kr.

Risikoklasse	Brutto engasjement		Individuell nedskrivning		Netto engasjement		%	
	30.09.2011	30.09.2010	30.09.2011	30.09.2010	30.09.2011	30.09.2010	30.09.2011	30.09.2010
Låg	3.022.161	2.661.721	0	0	3.022.161	2.661.721	85,9 %	80,8 %
Normal	187.186	185.659	0	0	187.186	185.659	5,3 %	5,6 %
Høg	51.264	69.531	8.795	11.951	42.469	57.580	1,2 %	1,7 %
Problemengasjement	18.145	13.172	5.001	6.795	13.145	6.377	0,4 %	0,2 %
Ikkje klassifiserte	253.085	381.963	32	43	253.053	381.920	7,2 %	11,6 %
<b>Sum</b>	<b>3.531.841</b>	<b>3.312.046</b>	<b>13.827</b>	<b>18.789</b>	<b>3.518.014</b>	<b>3.293.257</b>	<b>100,0 %</b>	<b>100,0 %</b>

Brutto engasjement inkluderar utlån til kundar før nedskrivning, unyttta kreditrammer, garantiar og unyttta garantirammer.

## 10 Gjeld ved utsteda verdipapir

i 1.000 kr

Lånetype/ISIN	Låneoptak	Siste forfall	Pålydande	Bokført verdi			Rente- vilkår
				30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010	
<b>Sertifikat- og obligasjonslån</b>							
NO0010299308	17.01.2006	17.01.2011	38.000	0	38.221	38.156	3 mnd. NIBOR + 0,19 %
NO0010403744	14.12.2007	12.12.2010	53.000	0	52.727	0	3 mnd. NIBOR + 0,45 %
NO0010451313	15.08.2008	15.08.2011	200.000	0	200.652	200.641	3 mnd. NIBOR + 0,95 %
NO0010462070	29.09.2008	29.03.2011	40.000	0	40.953	40.165	3 mnd. NIBOR + 2,00 %
NO0010521594	17.06.2009	15.06.2012	150.000	150.134	149.868	150.291	3 mnd. NIBOR + 1,50 %
NO0010566847	19.03.2010	19.03.2015	165.000	164.510	154.511	164.770	3 mnd. NIBOR + 1,15 % 1)
NO0010576812	09.06.2010	09.01.2012	75.000	75.586	75.664	75.181	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010592058	19.11.2010	19.11.2014	100.000	100.412	0	100.261	3 mnd. NIBOR + 1,30 %
NO0010604887	15.03.2011	15.03.2013	100.000	100.085	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010612419	06.06.2011	06.06.2014	100.000	100.212	0	0	3 mnd. NIBOR + 0,75 %
NO0010626245	30.09.2011	28.09.2012	50.000	50.005	0	0	Fastrente 3,60 %
<b>Sum sertifikat- og obligasjonslån</b>				<b>740.944</b>	<b>712.596</b>	<b>769.465</b>	

1) Utsteding av ytterlegare NOK 10 mill. 19.11.2010.

### Ansvarleg lånekapital

NO0010309537	03.05.2006	03.05.2011	50.000	0	50.236	49.988	3 mnd. NIBOR + 0,50 %
--------------	------------	------------	--------	---	--------	--------	-----------------------

### Fondsobligasjonar

NO0010238264	29.09.2004	Evigvarande	40.000	39.788	39.787	40.063	3 mnd. NIBOR + 2,15 %
		Calldato 29.09.2014					
Statens Finansfond	01.12.2009	Evigvarande	33.000	34.978	34.899	35.332	Referanserente + 6 % 2)
NO0010606270	06.05.2011	Evigvarande	60.000	57.640	0	0	3 mnd. NIBOR + 5,50 % 3)
<b>Sum ansvarleg lånekapital</b>				<b>132.406</b>	<b>124.922</b>	<b>125.383</b>	

2) Referanserenta tilsvarar gjennomsnittet av dei fem siste handledagar før rentefastsetjingsdag for norsk syntetisk årlig effektiv rente på statskasservekslar med 6 månaders bindingstid som notert på Noregs Bank sine nettsider. Margin er sett til 6,0 %.

3) Lånet har ein konverteringsrett for obligasjonseigarane, som kan velja å kovertere obligasjonar til eigenkapitalbevis til kurs 100 på kvart rentebetalingspunkt fram til og med 15.03.2016. Rentevilkåra til lånet er inklusive konverteringsretten er uvesentleg forskjellige frå alternative vilkår utan konverteringsrett. Banken har difor ikkje skilt ut ein eigenkapitalandel frå lånet. Lånet tel som kjernekapital.



## 11 Ansvarleg kapital

i 1.000 kr

	30.09.2011	30.09.2010	31.12.2010
<b>Kjernekapital:</b>			
Grunnfondsbevis	31.625	63.250	63.250
Overkursfond	32.812	1.187	1.187
Sparebankens fond	120.129	116.790	120.094
Gåvefond	6.542	3.241	6.546
Utjammingsfond	2.844	609	2.414
Fondsobligasjonar	130.187	72.250	72.250
Frådrag	-22.341	-19.733	-13.980
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>301.798</b>	<b>237.594</b>	<b>251.761</b>
<b>Tilleggskapital:</b>			
Ansvarleg lån	0	49.600	49.600
Anna tilleggskapital	0	1.647	0
Frådrag	0	-13.096	-9.969
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>0</b>	<b>38.151</b>	<b>39.631</b>
<b>NETTO ANSVARLEG KAPITAL</b>	<b>301.798</b>	<b>275.745</b>	<b>291.392</b>
<b>Eksponeringskategori:</b>			
Statar	0	0	0
Lokal regional styresmakt	13.388	19.889	19.888
Institusjonar	110.796	44.531	39.639
Føretak	213.592	243.067	270.690
Massemarknad	11.135	19.083	18.273
Pantesikra eigedom	1.154.149	1.028.784	1.078.113
Forfalne engasjement	42.651	37.352	30.046
Obligasjonar med fortrinnsrett	9.465	7.477	7.477
Andelar verdipapirfond	22.267	26.474	17.321
Andre engasjement	206.879	199.103	187.925
Kapitalkrav frå operasjonell risiko	115.295	115.019	115.295
Frådrag	-39.925	-31.188	-25.238
<b>SUM BEREKNINGSGRUNNLAG</b>	<b>1.859.691</b>	<b>1.709.591</b>	<b>1.759.429</b>
<b>Kapitaldekning %</b>	<b>16,23 %</b>	<b>16,13 %</b>	<b>16,56 %</b>
<b>Kjernekapitaldekning %</b>	<b>16,23 %</b>	<b>13,90 %</b>	<b>14,31 %</b>



## 12 Dei 20 største egenkapitalbeviseigarane

Dei 20 største eigarane pr. 30.09.2011 utgjer 47,09 % av egenkapitalbevisekapitalen.

Namn	Tal bevis	%	Namn	Tal bevis	%
MP Pensjonskasse	50.383	7,97 %	Leif Magne Thu	8.683	1,37 %
Terra utbytte VPF	46.700	7,38 %	Sparebanken Vest	8.650	1,37 %
Hilleik AS	33.816	5,35 %	Egon Mogens Moen	8.244	1,30 %
Årdal Stålindustri Eiendom AS	23.000	3,64 %	Leiepakking AS	8.000	1,26 %
Helge Rogne	21.741	3,44 %	Luster Sparebank	7.600	1,20 %
Terra Gruppen AS	11.200	1,77 %	Aurland Sparebank	6.800	1,08 %
Erik Wahlstrøm	11.000	1,58 %	Vik Sparebank	6.650	1,05 %
Årdal Kommune	10.000	1,58 %	Berglund AS	6.000	0,95 %
Heyeren AS	10.000	1,49 %	Hugin Invest AS	5.000	0,79 %
Utbyttekapital AS	9.400	1,37 %	GG Eiendom AS	5.000	0,79 %
<b>SUM</b>				<b>297.867</b>	<b>47,09 %</b>



INDRE SOGN  
SPAREBANK  
ekte lokalbank

Org.nr. 837 897 912 - telefon 57 64 85 10 - nettpost@indresognsparebank.no

Ekte lokalbank

Øvre Årdal - Årdalstangen - Lærdal - Borgund - Sogndal - Bergen